

# Blomeplanter

Blomeplanter er planter som har blomar. Nokre planter har store blomar og andre planter har små blomar.

## Store og små blomar

Verdas største blom heiter *Rafflesia almodii*. Han kan verte over ein meter i diameter. Han veks i Indonesia. Dei minste blomane er berre nokre millimeter i diameter.

Har du sett ein bitte liten blom? Kva heiter han på norsk eller på morsmålet ditt?



*Rafflesia arnoldii*, Foto; Antoine Hubert, Flickr

## Eittårige, toårige og fleirårige planter

Ulike blomeplanter kan leve i eitt, to eller mange år.

## Eittårig plante

Erteplanta lever berre i eitt år. Frøet spirer om våren. Planta blømer om sommaren og lagar frø. Når frøa er modne om hausten, dør planta.

Neste vår spirer frøa og lagar nye planter. Vi kallar erteplanta ei eittårig plante.



*Sukkererter Foto: Pxhere.com*



Menneska har dyrka erter i nesten 8000 år. Sukkerertene kjem frå Vest-Asia.

## Toårig plante

Gulrota lever i to år og er ei toårig plante. Det første året spirer frøet, og det veks fram grøne blad. Dei grøne blada lagar næring til rota. Rota overlever nede i jorda til neste sommar.

Neste sommar blømer planta og lagar frø. Når frøa er modne, dør ho.

Når det blir vår igjen spirer frøa og lagar nye gulrotplanter. Gulrota kjem frå Midtøsten.

Arabarane tok ho med til Europa for ca. 1000 år sidan.



*Gulrotblomst Foto: Pxfuel.com*



*Gulrøtter Foto: Pxhere.com*

## Fleirårig Plante

Løvetanna er ei fleirårig plante. Dei grøne plantedelane visnar og døyr om hausten, men rota overlever nede i bakken. Neste vår lagar ho nye blad og blomar.



*Løvetann Foto: Maxpixel.net*

Løvetanna kjem frå Europa og Vest-Asia, men ho har spreidd seg til mange land i heile verda.

Det finst mange andre fleirårige planter. Dei fleirårige plantene har ulike triks for å klare seg gjennom vinteren.



*Tulipanar Foto: Pixabay*

Tulipanar samlar næring i ein lauk. Lauken overlever vinteren. Når våren kjem lagar han blad og blomar. Vi trur at namnet tulipan kjem frå det persiske ordet for turban.



*Bjørkeblomst Foto: pxhere.com*

*Høstløv fra bjørk Foto: Pixabay.com*

*Bjørk om vinteren Foto: Pixabay.com*

Lauvtrea kastar blada om hausten. Det gjer dei fordi blada treng vatn, og om vinteren er ofte vatnet i jorda frose til is. Når trea ikkje har blad, treng dei ikkje så mykje vatn. Slik overlever dei til isen smeltar. Då lagar dei nye blad, blomar og frø.

## Markblomar

Blomeplanter som veks i naturen, kallar vi markblomar. Markblomar kan vi byrje å sjå tidleg om våren. Om hausten kan det framleis vere markblomar å sjå. Det er mange ulike artar markblomar. Mange artar finn vi i vegkanten. Nedanfor ser du nokre markblomar som veks i Noreg.



**Tistel** Pixabay



**Rødknapp** Pixabay



**Hestehov** Pixabay



**Løvetann** Pixabay




**Blåknapp** Pixabay



**Blåveis** Pixabay



**Blåklokke** Pixabay



**Rødkløver** Pixabay



**Tiriltunge** Pixabay



**Prestekrage** Pixabay



**Ryllik** Pixabay



**Hvitveis** Pixabay